

» Tenk at på slutten av 70-talet måtte ein ha fem i snitt frå gymnasiet for å kome inn på Buskerud husflidsskule.

KARIN STANG

● Latteren kjem kvikt i lag med den hese stemma. Ho står elegant framfor vedomnen med røyken balanserende ytterst mellom to fingrar. Snakkar litt på både innpust og utsust mellom leppestiftraud munn. Skaper ei kontinental, estetisk og filosofisk stemning mellom timravegger og framskåp, på Liaset. Alt median ho til stadig prøver å få kaffen kokt, serverer heimelaga sild etter svigermor si islandske oppskrift og syner fram dei finaste vovne kunstverka. Endeleg får ho ledningen i veggen og trykt inn knappen på kaffitrapet. Då blir det stilt. Eit augneblink.

Klarar seg sjølv

Tekstilkunstnaren Karin Stang skaper vegglandskap på Liaset. Kvar einaste dag. Kunstnarjela må få utspring for kreativitet. Om ho vever, knyter, klipper, måler eller teiknar. Ho har vore pensjonist nokre år, men jobbe må ho.

- Då eg framleis jobba som lærar var det jo litt ekstra pes å bu her. Eg måtte gå på ski ned til parkeringsplassen. Og dei māker jo berre kvar fredag. Eg reiste når der var mørkt og kom heim når det var mørkt, fortel ho og ristar or seg litt latter. Hunden Maja er overstøyrmende begeistra for visiten og svinsar kring alle føter som har fått utleveret toflar. Det er golvkaldt i hytta. Men vedomnen lunar godt i haustdagen. Utanfor døra har Karin stabla poser med ved. Det er berre å hente seg ein, lett som berre det. Når ein bur alleine på fjellet, må ein vite å klare seg sjølv. I vår vart ho vēfast fem dagar. Då er det greitt å kunne bake brød og ha nok ved for hånd.

Ho er forresten nesten nett kome attende etter ein la-a-ang sommarferie. Har vore på hytta på Sørlandet, og litt i utlandet, i over tre månader. Det er godt å kome heim att.

Hytta på Liaset vart bygd av bestefedra. Så ho har vore her mykje sidan barndommen og er knytt til staden.

- Bestefar var sorenskrivar på Nesbyen, fortel ho og ber ut på bordet den heimelaga silda. Sjølv flytta ho til Gol 1973. Det var etter skilsmissa og omrent då ungane skulle starte på skulen. Ho ville ikkje oppdra fire ungar midt i Oslo. I tillegg hadde ho ein slektning på Nesbyen ho ville stelle litt for.

- Og eg kunne jo ikkje ha skuleunger her oppe på Liaset, smiler ho og blunker lett. Huset ho bygde i Gol vart sett då ungane var ute av reiret. Då var Karin endeleg klar for å flytte til fjells.



KYRKJEDEKOR: Gol stavkyrkje.



KNYTER TEPPE: Ho vever eller knyter teppe kvar einaste dag.



STERKE FARGER: Typisk duk av Karin Stang.



VEVSTOVA:
Kunstnaren arbeider
kvar einaste dag i vevstova.